



Sindre Stensletten med det no snart fem år gamle tilbudet om kjøp i Børnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Sindre Stensletten er forundra over kommunen. No har han venta sju år forgjeves på å få kjøpa eit areal på Børnes industriområde sjølv om han allereie for snart fem år sidan fekk konkret tilbud frå kommunen om kjøp for 50 kroner kvadratmeteren og sa ja til det.

- Eg har riktignok ikkje pressa på for å få kjøpt, eg leiger trass i alt eit mål på Børnes av ein annan. Men eg har trong for meir plass og når ein eig eit område vil ein jo aumotatisk gjera meir utav det, seier Stensletten til uskedalen.no

Han eig og driv dei to selskapa Kvinnherad Maskinutleige og Kvinnherad Maskin og har for tida tre tilsette i tillegg til seg sjølv. Men talet varierar sterkt – Stensletten har vore heilt oppe i ein arbeidsstokk på 14.

I 2000 kjøpte han det tidlegare vaskeriet i Herøysund og har hatt dette som base sidan, men her er det for liten plass for verksemda hans. Difor spurte han – også i år 2000 – kommunen om det var ledige tomteareal i Uskedalen eller Herøysund. Svaret var – noko overraskande for Stensletten – at dei "diverre ikkje har ledige industriareal i desse to bygdene". Etter dette svaret la uskedelingen saka på is.

Det neste som skjedde var at det kom eit brev frå kommunen i desember 2002 der det heitte at dei hadde hatt fleire telefonsamtalar om tomt på Børnes og no ynskte ei avklaring frå dei som var interesserte. Kommunen ville veta kor stort areal interessentane hadde behov for, kva arealet skulle nyttast til og kva som var den mest hensiktsmessige plasseringa på området. Kommunen sendte også med kart og reguleringsplan og ba om svar innan januar.

Stensletten svara etter tre dagar at han hadde behov for frå eitt til halvtanna mål og skulle nytta arealet til lagring av anleggsutstyr, mellomlager for diverse maser, oppsetting av plashall med meir. Han ynskte å kjøpe eit område opptil det han allereie hadde leigeavtale på.

I februar 2003 svara kommunen med sitt tilbud på 50 kroner kvadratmeteren med plassering stort sett i samsvar med Stensletten sitt ynskje. Kommunen ba om tilbakemelding dersom det det skulle setjast i gang ein

overdragsprosess. Etter kort tid bekrefta Stensletten at han var interessert i tilbudet, aksepterte prisen og gav klarsignal for overdraginga.

Sidan har han ikkje høyrte noko sjølv om han vinteren 2006 minna kommunen om at han framleis var interessert i det tre år gamle tilbudet.

- Eg er overraska over at det går så tregt. Og det eg har høyrte om det som er skjedd i det siste i samband med eit eventuelt sal av eit anna område til Rune Hjørnevåg gjer meg enda meir forundra, seier Stensletten.

Av Ola Matti Mathisen



Det er i dette området Sindre Stensletten ynskjer å kjøpa eit areal. (Foto: Ola Matti Mathisen)